

Til Olje- og energidepartementet

Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:BKa	Arkiv:	Sakshandsamar: BKa	Dato: 10.01.14
-------------	--------------	-------------	--------	-----------------------	-------------------

FRAMLEGG TIL ENDRING AV ENERGILOVA. HØRINGSSVAR FRÅ SUNNFJORD ENERGI AS.

Vi syner til høyringsnotatet «framlegg til endringar i energilova». Sunnfjord Energi AS har følgjande innspel.

Innspel til justering av sentralnettets utstrekning og bygging av 420 kV Sogndal – Ørskog

Departementet ber høyringsinstansane om merknadar til definisjon av transmisjon og trongen for ei eventuell justering av sentralnettet si utstrekning i samband med gjennomføring av tredje elmarknadspakke.

I artikkel nr. 2, 3 og 4 er transmisjon definert som «transport of electricity on the extra high voltage interconnected system with a view to its delivery to final customers or to distributors». Begrepa er i hovudsak definert ut i frå nettkomponentane sine fysiske og funksjonelle eigenskapar og det er ikkje fastsett grenser i tal for spenningsnivået.

Dagens sentralnett gjennom Sogn og Fjordane er i dag drifta på 132 kV, men det byggjast no ny 420 kV mellom Sogndal og Ørskog. I lys av at det er opp til den enkelte stat å trekke grensene mellom distribusjon/transmisjon og det funksjonelle aspektet, argumenterer vi med at eksisterande 132 kV sentralnett (inklusive 132/66 kV trafo i Moskog og effektbrytar på Tefre) vil bli definert som distribusjonsnett og dermed ikkje gjenstand for avhending til Statnett. Dei tariffmessige utfordringane denne omklassifiseringa vil føre til, må uansett løysast med andre virkemiddel.

Prising av mogleg avhending av sentralnett til TSO

Dersom sentralnettsanlegga tilhøyrande andre netteigarar enn Statnett må avhendast til Statnett meiner Sunnfjord Energi AS at følgjande må liggje til grunn:

- Statnett og den enkelte netteigar må stå fritt til å inngå verdsettinga.
 - Verdifastsetjing ut i frå anlegga sin omsetjingsverdi eller ut i frå berekna avkastning anlegga vil få for netteigar.
- Anlegga må overdragast i samsvar med ekspropriasjonsrettslege prinsipp.

DSO - funksjonen

Sunnfjord Energi er eit vertikalintegrrert selskap som i dag byggjer og driftar eige sentralnett (132/66 kV i Moskog, og ein effektbrytar på Tefre), regionalnett (150 km og ein rekke stasjonar) og distribusjonsnett. Sunnfjord Energi AS har dei seinare åra tilknytt 46 små

kraftverk i nettet vårt og opplevd ein stor forbruksvekst med tilhøyrande tilknytingar i Førde-området. Vi støttar departementet sitt syn på at dagens regionalnett er å oppfatte som distribusjon i eldirektiv 3s forstand.

Etter artikkel 25 nr. 1 skal operatøren av distribusjonsnett (DSO) være ansvarleg for å sikre systemet si evne til å imøtekomme rimeleg etterspurnad av nettjenester. Sunnfjord Energi AS har bevist at krevjande etterspurnad over mange år er løyst på ein effektiv og god måte som er langt over krava «rimeleg etterspurnad». Det er ingenting som tyder på at det vil være finansielle, tekniske eller kompetansemessige problem med å tilby same nivå på nettjenester i åra som kjem.

Departementet skriv at det kan tenkjast at ikkje alle områdekonsesjonærar er i stand til eller ynskjer å løfte dei oppgåvene som ligg til DSO. Det er truleg rett, då det er mange små nettselskap i Noreg med avgrensa finansiell styrke.

Vi vil peike på viktigheita av rekruttering av kompetanse i ei verd, der det stadig vert strengare krav på nær sagt alle områder. Hausten 2012 fekk vi i lag med andre aktørar etablert ei elkraftlinje på bachelor - nivå i Førde. Denne er no sjølvfinansierande over statsbudsjettet. På denne måten har Sunnfjord Energi AS styrka tilgangen på kompetanse kraftig og er no i ein situasjon der vi må sei nei til fleire gode kandidatar. Vi ser ikkje på rekruttering av kompetanse til Førde som ein trussel for dei oppgåvene vi skal møte i framtida.

Sunnfjord Energi AS


- Klarte seg svært godt gjennom uveret Dagmar
- Har tilknytt 46 kraftverk dei siste åra
- Har oversiktlege investeringsplanar for fornybar produksjon, forbruk og AMS, med tilhøyrande bedriftsøkonomiske og tariffmessige konsekvensar
- Ligg i vekstregionen i Sogn og Fjordane (Førde)
- Har hatt og vil få god tilgang til kompetanse

Kravet til nøytralitet er godt ivareteke i dag igjennom forskrifter og NVEs kontrollverksemd.


Sunnfjord Energi AS er i stand til på ein robust måte og ynskjer å løfte dei oppgåvene som ligg til DSO.

Den raske utviklinga og utfordringar knytt til smarte nett, plusskundar og elbilar krev lokal fokus og fordrar å være tilstades der det skjer og samhandling med lokale styresmakter. Det same gjeld beredskap, noko vi tydeleg erfarte under ekstremveret Dagmar.

Vi trur difor at det ikkje er samfunnsmessig rasjonelt å avgrense antal DSO til store, få og perifere distribusjonsnettoperatørar.



Helge Robert Midtbø
-nettsjef-



Bjarte Kapstad
-siv.ing-